

Meiner dei burde fått uttala seg om Viksund

Venstre og Demokratane meiner det ikkje er rett at formannskapet avgjorde kjøp av Viksund-fabrikken. Dei to partia har nemleg ikkje fått sjanse til å uttala seg.

– Då Øystein Holmelid og Kari Manger styrte, vart politikarar frå alle partia av og til innkalla til formannskapsmøte. Slik burde det vore i denne saka, seier Atle Holgersen.

Som Venstre sin einaste representant i kommunestyret er han ikkje med i andre politiske fora. Han har difor ikkje fått seia noko om kva han meiner om kjøpet av Viksund sin fabrikk i Strusshamn. Tysdag førre veke vedtok formannskapet nemleg at eigedomen skal kjøpast for 19,5 millionar kroner.

Innkjøp over 10 millionar kroner skal godkjennast av kommunestyret. Men kommunelova opnar for at dersom det hastar, kan formannskapet få utvida grensene.

– Eg meiner at ei slik sak er langt over det ein bør bruka hasteparagrafen til. Eg har mange spørsmål eg ikkje har fått svar på, mel-

lom anna lurar eg på kva som faktisk ligg i grunnen. Eg er ikkje overtydd om at alt er greitt, seier Holgersen.

Han får støtte frå Per Midtøy. Demokratane er heller ikkje representerte andre stader enn i kommunestyret.

– Utifrå møteboka verkar det som om ein bestemte i juni at det var formannskapet som skulle vedta dette. Det hadde vore god tid til å kalla inn kommunestyret, det vart gjort i saka om utvikling av Kleppstø, seier Midtøy.

Han viser til kostnads-sprekken då kommunen skulle rydda i ei bossfylling på Horsøy. Det vart tre gonger så dyrt som budsjettert.

– I Strusshamn har ein ikkje undersøkt i eller under bygget, seier Midtøy.

Han seier han kjenner seg forbigått, og varslar at han kjem til å stilla spørsmål ved sakshandsaminga neste gong kommunestyret samlast.

– Dette undergreiv myndigheitene til kommunestyret, seier han.